



Arne Jæger Alver
Vennavegen 50
7670 INDERØY

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6802 - 14/22042

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2014

Gbnr 137/14 og 137/150 Alver. Svar på spørsmål om bygging av landbruksveg.

Lindås kommune har fått lagt føre seg eit utkast til avtale mellom eigar av gnr.137 bnr.14 Liv Unneland og eigar av gnr.137 bnr.150 Inge Alvær og Arne Alver.

Avtalen er eit resultat av jordskiftesak for Nord- og Midhordland jordskifterett, og gjeld veg til gbnr 137/150 over gbnr137/14.

Spørsmålet gjeld om denne vegen kan byggast som landbruksveg, eller om det må søkast om løyve til bygging etter vanlege relar i plan- og bygningslova.

For at ein veg skal kunne byggast som landbruksveg, og dermed med ein enklare sakshandsaming, er styrt av nytten vegen vil ha for landbruket.

Slik tilhøva er i den saka som ligg føre, gjeld det veg til ein fritidsbustad som må førast fram over dyrka mark.

Kommunen forstår det slik at dersom fritidsbustaden ikkje trengte veg, ville landbrukseigedommen ikkje bygget denne vegen. For alle føremål som gjeld drifta av landbrukseigedommen, er det nok veg og tilkomst.

Gnr.137 bnr.14 er ein mindre landbrukseigedom. Samla areal er 111da, fulldyrka areal er 14da og innmarksbeitet som ligg for seg sjølv på Ekornberget er 12,6da.

Eigedommen er i drift med hest. Det er løe og ridebane på eigedommen. Innmarksareala vert nytta til beite for hest, medan for til hest for ein stor del er innkjøpt.

På bakgrunn av det som er vist over, er det neppe grunnlag for å seie at vegen som skal byggast fram til 137/150 kan forsvarast som vesentleg for drifta av landbrukseigedommen.

I eit høyringsnotat som kommunen skreiv til Arne Jæger Alver 08.04.2013, vert det vist til at vegen bør utformast i samråd med landbrukskontoret. Dette er for at vegen ikkje skal verte eit hinder for den drifta som faktisk skjer på eigedommen, men det er ikkje ein indikasjon på at vegen kan forsvarast i drifta av landbrukseigedommen.

Landbrukskontoret sin konklusjon er at vegen er søknadspliktig på vanlig måte etter plan- og bygningslova. Landbrukskontoret skal kvalitetssikre prosjektet slik at vegen ikkje vert til hinder for landbruksdrifta.



Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arne Jæger Alver

Vennavegen 50 7670

INDERØY